

# Konfirmantleir

## Hei alle saman!

No er det ikkje lenge til me skal på leir!  
Håpar de gler dykk!

## Konfirmantleir 29.april – 01.mai på Alværa leirstad

Dette er eit høgdepunkt i konfirmanttida og me ser fram til å få samanhengande tid i lag med dykk der det er rom for fine opplevingar saman.

Me håpar på fine dagar saman, der me skal verte betre kjend med kvarandre, oss sjølve og Gud.

Motto for leiren:

**Me er alle perler!**

Og gjennom leiren skal me få desse perlene til å skinne ved at me seier fine ting til kvarandre, ser det beste i kvarandre og er ein del av eit større fellesskap, eit kristent fellesskap – ei perle i eit perlekjede.



Vi reiser til **Alværa leirstad** som er eigd av NMS og ligg idyllisk til på ved sognefjorden. Nokre minutt frå ferjekaien på Lavik.

### **Reisa:**

Det blir felles transport.

**Avreise Sævrøy kl. 15.10**

**Avreise Mastrevik torg kl. 15.25**

**Avreise Fønnes senter kl. 15.40**

**Ferge Oppdal – Lavik kl. 17.20**

### **Program på konfirmantleiren**

På leiren skal me både ha undervisning, fritid og underhaldning. Me skal særleg arbeide med Egperla der alle får laga sine heilt egne t-skjorter. Me skal bruke tid til å bli betre kjent med kvarandre, og betre kjent med bibelen. I løpet av leiren vil me og øve inn det som me skal få vist på samtalegudstenesta i mai.



Fritid vert det også☺ Og då er det mulighet for bading (for dei som vil ha isbading ☺), volleyball, fotball, trampoline, basketball. Ein kan og fiske, men må ha med seg eige utstyr.



## Kontakt ved sjukdom eller liknande

Vedlagt er ein lapp de må fylle ut og ta med på leiren. Der skal foreldra fylle ut kontakttelefon som me kan nå dei på t.d. dersom konfirmanten vert sjuk, og løyve/ikkje løyve til å bada og padle kano, og om kva medisin konfirmanten kan få ved evt sjukdom. Har de ikkje med lappen får de ikkje løyve til å bada eller padle kano.

## Forsikring:

Det er teikna forsikring som dekker alle deltakarar for både reise og opphald.

## Leiarar:

Hovudleiarar på leir vert Amelie Knieriem Storebø og Rune Minde

Telefonar til hovudleiarar:

Amelie: 483 57 027

Rune: 906 95 377

## Mobiltelefon



Mobiltelefonen kan vere ein positiv ting, men den kan også ha ein del negativt med seg. Den fangar oppmerksomheten vår og gjer at me ikkje får med oss det som skjer rundt oss.

Difor ønskjer me oss eigentleg ei mobilfri helg slik at me er saman me som er på leiren, ser kvarandre og har fokuset på det som skjer der. Me legg opp til at alle leverar inn mobilane fredag før kl. 20. Laurdag vert det mobiltid fra kl. 18.30-20.00 og søndag får de mobilen utlevert kl. 12.00.

Dersom foreldra har behov for å få tak i konfirmanten utanom desse tidene, så ta kontakt med ein av hovudleiarane.

## Ta med:

- Kristuskransen – perlekrans og boka ”Skatten og perlene”
- Bibel
- Laken
- Sovepose evt. sengetøy, du får dyne og pute dersom du har med sengetøy . Sengetøy (laken, putetrekk, dynetrekk) kan også leigast.
- Uteklær
- Byttetøy
- Handkle og toalettsaker
- Badetøy og badehandkle (dersom du ønsker å bade)
- Fotballsko for dei som vil spele fotball
- Lapp med kontaktperson/ badeløyve

## Romfordeling

De vert fordelt på rom når de kjem fredag. Mellom klokka 00.15 og 08.00 skal de vere på det rommet som de har fått tildelt (og ikkje hos naboane 😊)



## Reglar

1. Ver slik at alle kan trivast på leiren ved at du syner fin framferd og er høfleg og venleg
2. Det er nulltoleranse for mobbing og trakassering. Sei frå om det førekjem mobbing!
3. Alle pliktar å møta til avtalt tid og vera tilstades på samlingar og måltid og bidra aktivt til at det vert eit positivt læringsmiljø. Respekter rosigalet om kvelden!
4. Det er nulltoleranse ifht rusmiddel på leiren. Det er ikkje lov å røykje.
5. Det er ikkje lov å bruka mobiltelefon på leiren utanom fastsette tider. Mobiltelefonar skal leverast inn når de kjem fredag.
6. Alle pliktar å fylje branninstruks (orientering på første samling)
7. Hald orden i fellesrom og soverom. Rommet skal ryddast før frokost. Ta vare på inventaret på Alværa Ting som vert øydelagt kan ein måtte betale for.
8. Konfirmantane pliktar å rette seg etter dei beskjedar som vert gitt frå leiarane.
9. Det er ikkje lov å bade utan at ein har gitt melding til ein av leiarane.

## Reaksjonar ved brot på reglar:

1. Åtvaring/ samtale med leiar/hovudleiar
2. Åtvaring/samtale med leiar/hovudleiar og telefon heim
3. Heimsending

Det kan virke litt vel strengt med opplisting av reglar og reaksjonar, men då veit me alle kva som gjeld, både leiarar og konfirmantar 😊

## De er ein flott og kjekk konfirmantgjeng og me ser fram til helga på Alværa saman med dykk!

Har de spørsmål om leiren eller anna i samband med konfirmasjonsopplegget så ta kontakt med oss:

Kyrkjelydskontoret – 56167290

e-post: [ak362@kyrkja.no](mailto:ak362@kyrkja.no)

Amelie: 483 57 027

Helsing Amelie og Rune

[www.austrheimkyrkja.no](http://www.austrheimkyrkja.no)

